

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Att.: Sissel Belgen Jakobsen

Oslo 10. november 2011

Konsesjonssøknad Ytre Sula vindkraftverk – Del 1

Ein syner til konsesjonssøknad 1. juli 2011, og til telefonsamtale med Ingvild Haugen 3. oktober 2011 med bekrefta utsetjing av innsending til 10. november 2011. Underteikna vil i det fylgjande grunngje kvifor konsesjonssøknaden etter vårt syn ikkje bør innvilgast.

Det framgår av NVE sitt notat av 9. februar 2009, jfr. **vedlegg 1, side 3**: "I tillegg til kriteriene over, vil NVE også vektlegge lokalsamfunnets syn på prosjektet." Ein må kunne gå ut frå at dette forutset at lokaldemokratiet fungerer. Det er difor av interesse å sjå korleis den lokale sakshandsaminga har foregått.

Kommuneplanen i kommunestyret 20. april 2010

Kommuneplanen for Solund vart vedteken av kommunestyret 20. april 2010, jfr. **vedlegg 2, sak 004 / 10**. Det framgår av **møteboka side 9** at det kom endringsforslag i samband med vindkraft.

Etter oppslag i media foretok Fylkesmannen lovlegkontroll av kommuneplanen og oppheva den på grunn av inhabilitet, jfr. **vedlegg 3**.

Årsaka var at fleire av kommunestyrerepresentantane er grunneigarar innanfor vindparkområdet eller i nær slekt med grunneigarar innanfor vindparkområdet. Det er kjent at det er gjort avtalar mellom grunneigarar i vindparkområdet og utbyggjarselskap. **Kommunestyret hadde likevel ikkje vurdert om nokon av representantane kunne vere ugilde i saka, noko som vart ansett som ein alvorleg sakshandsamingsfeil. Fylkesmannen oppheva difor vedtaka om godkjenning av kommuneplanen, som ulovlege.**

Administrasjonen har i september 2010 muntleg bekrefta at dei ikkje såg det som si oppgåve å vite kven som er grunneigarar med avtale med vindkraftutbyggjar. Konsekvensen av dette er at då Fylkesmannen innhenta opplysningar i samband med lovlegkontrollen var svaret frå administrasjonen ufullstendig og dermed feil. Resultatet av dette er at det manglar eit namn på side 1 i **vedlegg 4**.

I samband med lovlegkontrollen sende Fylkesmannen eit brev datert 24. mars 2011 med kopi til ordførar og rådmann, jfr. **vedlegg 5**, der det på slutten mellom anna framgår: " Når kommunen skal

sikre mot sakshandsamingsfeil, er det derfor ikkje nok at kommunen sikrar mot at ein sakshandsamingsfeil som har ført til oppheving av eit tidlegare vedtak, vert gjort ein gong til. Også andre sakshandsamingsfeil kan gjere vedtaket ugyldig."

I tillegg til kommuneplanen har Solund kommune også handsama andre saker som har med vindkraft å gjere, stort sett utan at habilitet er vurdert. Til tross for Fylkesmannen si påpeiking som sitert i avsnittet ovanfor er ingen av desse sakene handsama på nytt. Sakene er som følgjer:

Kommuneplanen i formannskapet 1. desember 2009

Då kommuneplanen forlet administrasjonen for å verte handsama i formannskapet 1. desember 2009 var ikkje Ytre Sula vindkraftanlegg med. Konfliktpotensialet for Ytre Sula er større enn for Ulvegveina, iallefall på grunn av kraftlina og fugletrekkja. I kraftutbyggjingsamheng er Solund uberørt område, og dersom det vert gjeve konsesjon for Ytre Sula vert det vanskelegare å argumentere mot konsesjon for Ulvegveina. Dersom ikkje vindanleggjet på Ytre Sula var med i kommuneplanen ville det også kome klarare fram at SAE Vind ikkje vil betale noko til Solund kommune dersom ikkje kommunen innfører eigedomsskatt.

Møtande vararepresentant i formannskapet for Høgre har nær slekt og familie som har signerte grunneigaravtalar med SAE Vind på Ulvegveina, mellom anna svogerskap med styreleiaren i Ulvegveina grunneigarlag. Representanten kjem med fylgjande forslag på vegne av H / AP, jfr. **vedlegg 6, sak 074 / 09, side 7**: "Område for vindkraft inkl kraftlinjetraséar Ytre Solund vert teke inn att i planen."

Også AP sin representant i formannskapet har nær slekt som har signert grunneigaravtale med Sula Kraft.

Altså: Kraftutbyggjarane betalar pengar til peronar der nær slekt og familie kjem med eit politisk forslag, som dei som betalar pengane har økonomisk fordel av.

Det framgår av heimesida til Agder Energi at grunneigaravtalane med Ulvegveina vart signerte onsdag 28. mars. 28. mars var ein onsdag i 2007. Ordføraren i Gulen har grunneigaravtale med SAE Vind og har muntleg bekrefta at ho har motteke pengar under vindmålinga og også under arbeidet fram til konsesjonssøknaden. Ho har sagt seg inhabil i alle saker som har med vindkraft å gjere, også då Fylkestinget vedtok Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane. Underteikna har også fått muntleg bekrefta av grunneigar med avtale med SAE Vind på Ulvegveina, at vedkommande har motteke pengar frå "dag 1".

Det framgår forøvrig av brev til Solund kommune datert 9. desember 2010, jfr. **vedlegg 7**, at grunneigaravtalane er signerte og at grunneigarane i dei 2 vindkraftanleggja framstår som ei eining.

Andre vindkraftsaker handsama i formannskap og kommunestyre:

1. Formannskapet si handsaming av uttale til Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane 28. september 2010, jfr. **vedlegg 8, sak 054 / 10, side 8**. Som det framgår av vedtaket er det fyrst og fremst kraftutbyggjarane, familien til forslagsstillaren og andre grunneigarar som vil ha økonomisk fordel at at vedtaket vert realisert.
2. Kommunestyret si handsaming av uttale til Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane 12. oktober 2010, jfr. **vedlegg 9, sak 035 / 10, sidene 8 - 10**.
3. Formannskapet si handsaming av kommunen sitt forhandlingsutval med vindkraftutbyggjarane 25. januar 2011, jfr. **vedlegg 10, sak 010 / 11, side 13**.

AP sin representant i formannskapet var varaordførar i perioden 2007 – 2011.

Forslagsstillaren frå AP og forslagsstillaren frå Høgre foreslår kvarandre som henholdsvis medlem og varamedlem i Solund kommune sitt forhandlingsutval med vindkraftutbyggjarane, til tross for at begge har nær slekt / familie med signerte avtalar med kraftutbyggjarane.

Kommunestyret gjer fylgjande vedtak 1. mars 2011: "Utvalet får som mandat å forhandle fram ein avtale med utbyggjarane av vindkraft, som ivareteke Solund kommune som organisasjon og innbyggjarane best mogeleg."

Forhandlingane med vindkraftutbyggjarane har stor og avgjerande innverknad på den økonomiske uttellinga for Solund Kommune. Ingen prosjekt har ubegrensa med kostnader, og dei pengane kommunen forhandlar om konkurrerer med pengane til grunneigarane.

Vi ser altså endå ein gong at: Kraftutbyggjarane betalar pengar til personar der nær slekt og familie kjem med politiske forslag, som dei som betalar pengane har økonomisk fordel av.

4. Formannskapet si handsaming av folkeavstemming om vindkraft 14. februar 2011, jfr. **vedlegg 11, sak 017 / 011, sidene 10 og 11.**
5. Kommunestyret si handsaming av forhandlingsutval og folkeavstemming 1. mars 2011, jfr. **vedlegg 12, sakene 004 / 11 og 005 / 11, sidene 13 - 17.**
6. Kommunestyret sin temadag om vindkraft 10. mai 2011, jfr. **vedlegg 13 og 14.**

Med unntak av kommunestyret si handsaming av uttale til Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane 12. oktober 2010 er det ikkje føreteke vurdering av habilitet i nokon av sakene.

Ein høyrer i ulike samanhengar at det ikkje er så lett å praktisere habilitet i små samfunn. No er det slik at 9 av 10 her i landet ikkje bur i Oslo. I tillegg så framgår det av møtebøkene i **vedlegg 10, 11 og 12** ovanfor at habilitet både vert vurdert og praktisert i andre saker.

Fylgjande framgår av Forvaltningslova § 10: "Foruten for offentlige tjenestemenn gjelder bestemmelsene i kapitlet her tilsvarende for enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan." I praksis vil det sei at når formannskapet og kommunestyret fattar eit vedtak så er dei å ansjå forvaltningsorgan. Det er altså ikkje nokon tvil om at habilitetsreglane gjeld.

Det er sentralt at det er den enkelte representant som er ansvarleg for å få habiliteten vurdert før sakshandsaminga tek til. Heller ikkje administrasjonen ser det som si oppgåve å vite kven som har grunneigaravtalar med vindkraftutbyggjar. Som det framgår av **vedlegg 13 og 14** deltek representantar som kan ha open linje til ein eller begge kraftutbyggjarane på kommunestyremøte der kommunen sine forhandlingsposisjonar vert drøfta.

Til slutt vart kommuneplanen for Solund vedteken, nesten eit år etter det opprinnelege vedtaket, jfr. **vedlegg 15, sak 014 / 11.**

Solund kommune har eit etisk regelverk som gjeld for alle folkevalde og tilsette i kommunen, jfr. **vedlegg 16.** Det framgår av **§ 5 på side 2** at dei etiske retningslinjene går lenger enn forvaltningslova. Av den same paragrafen framgår det også at det er full opplysningsplikt i kollegiale vedtaksorgan. Det er difor ikkje akseptabelt at innhaldet i avtalane som fleire folkevalde, eventuelt deira nære slekt og familie, har med vindkraftutbyggjarane ikkje er kjende.

Konklusjon

Avgjerda om det skal vere vindkraft i Solund er den største og viktigaste saka i kommunen si historie.

Utgreiinga ovanfor syner alvorleg svikt i sakshandsaminga:


- Manglande vurdering av habilitet.
- Kraftutbyggjarane betalar pengar til personar der nær slekt og familie kjem med politiske forslag, som dei som betalar pengane har økonomisk fordel av.

Rettstryggleiken til innbyggjarane i Solund har dermed ikkje vore ivareteken.

Det bør difor ikkje gjevast konsesjon til vindkraft i Ytre Sula.



Inger Leirvåg
Ullevålsveien 102 BB
0451 Oslo



Marte Heimdal Leirvåg
6924 Hardbakke

16 vedlegg